



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Riksantikvaren - RA

Postboks 8196 DEP
0034 OSLO

Att.: postmottak@ra.no

Vår dato: Tysdag den 24. juni 2025

HØYRING – «Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø»

Vi er svært glade for at ein, gjennom denne nasjonale bevaringsstrategien for næringar og industriane sine kulturmiljø, har klare ambisjonar om å bidra til at eit mangfald av kulturmiljø skal bli bevart og teke i bruk. Viktige ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling, som skal bidra til engasjement for kulturmiljøa.

Landbruket har fått sine eigne bevaringsstrategiar. **Handel og andre servicenæringar** må ha sin plass i «Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø». Like eins landets **turisme/ reiseliv**. Ikkje minst med tanke på at dette er kulturmiljø som i mange tilfelle har fått ny bruk, eller at det i dag er arena for fortsatte tradisjonsrike aktivitetar – VERN GJENNOM BRUK. Lista over innehavere av Det nasjonale kvalitetsmerket Olavsrosa syner mange gode eksempel på dette.

I likheit med Kulturvernforbundet er vi fornøgdde med at frivilligheita og kulturvernorganisasjonane sine aktivitetar og kompetanse kjem tydeleg fram i strategien. Dette er avgjerande for å nå dei nasjonale måla på kulturmiljøfeltet. Organisasjonene og alle dei tusentals frivillige har ein heilt unik kunnskap om istandsetting, vedlikehold, vidareutvikling og drift.

Som nasjonale bevaringsstrategiar skal ein leggje til rette for dialog og samarbeid mellom ulike instansar og sektorar, forvaltningsnivå og interessentar. Det er behov for meir samarbeid på tvers, og å sjå ulike virkemiddel i samanheng. Alle kulturmiljø ligg i ein kommune. Med dette er kommunane avgjerande i det å ta vare på og opne for utvikling og gjerne ny bruk. Her må kommunane støtte seg på alt av frivillige krefter i sine respektive område.

KONKRETE INNSPEL

1. Som **mundtlege kjelder og intervju** kan frivillige involverast. Viktig å tenkje samarbeid med fagfolk (museum, institutt etc.) viss ein føler at det vil gje betre kvalitet.
2. **Dokumentasjonsarbeid** – både samtidsdokumentasjon og historisk dokumentasjon av prosessar, arbeidslag/ arbeidsmiljø, ein typisk arbeidsdag, ein bedrift. Viktig med gode fotografar, og kunnskapen frå veteranar og dei som eventuelt jobbar der.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

3. Bruk av **frivillige arbeidsgrupper** (tidlegare tilsette ved bedriftene), og egne arbeidsgrupper for innhenting av informasjon om hus og heim (kvinner og familiar). Vekt på alle sider av landets **arbeidshistorie**.
4. Kva **bygg** kan vi ta vare på ? Det handlar om kunnskap og innsikt i viktig kulturarv som er visuell, og som er identitetsberarar for staden.
Kva **gjenstandar** kan vi ta vare på ? I industrien har vi ofte store gjenstandar, som anten må dokumenterast eller få ein plass som monument (smelteovn, Derrek-kranar på kaiaen, høvlemaskiner).
Det blir avgjerande å lage innsamlings- og dokumentasjonsplanar. Er dette lokalt, nasjonalt eller internasjonalt bevaringsverdig ?
5. **Arkivinnsamling**.
6. Planar for **små næringar og handelsbedrifter**. Turismen.
7. **Formidling** - Svært viktig å skape engasjement og deltaking. Få med skulane og kulturmiljøarbeid inn i kvardagen og pensum.
8. **Frivillige og samarbeid !** Dette er ein ressurs, men treng óg pengar og oppmerksomheit. Ikkje minst er det god folkehelse.
9. **Internasjonalt samarbeid** - Viktig å delta i og å ha samarbeid med organisasjonar internasjonalt. Får perspektiv på det vi held på med, og samarbeid/ vennskap innan teknisk industrielle kulturminne.
10. **Industri og sjøfart, mobile kulturminne** - minner om at store skip fraktar råstoff og ferdige produkt ut i verda. Dette er og del av kulturarven. Handelsruter på sjø og hav knytta til kaianlegg ved fabrikkene.

VÅR BAKGRUNN

Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskyttarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentleg sektor.

Norsk Kulturarv er ein landsomfattande organisasjon med sterke band til landbruks- og matområdet. Samfunnets kunnskap, sterke interesser og dei rette haldningane til landbruks- og matsektoren er avgjerande for arbeidet vårt – Både for næringa og for oss som interesseorganisasjon innan kulturminnevernet.

Aksjonane våre – «Rydd et kulturminne» og Norsk Smaksskule – rettar seg mot barn og unge. På andre områder bidreg vi til auka verdiskaping og næringsutvikling knytta til medlemmas eigendomar.

Norsk Kulturarvs visjon er **Vern gjennom bruk**.

Utvikling av nye næringar gjennom bruk av kulturarvverdiar er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidrar på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premisse for ein levande og mangfaldig kulturarv.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk. Norsk Kulturarv og er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltpersonar.

Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdiar som **inspirasjon, kunnskap og identitet.**

Det trengs meir midlar til industriarv.

Denne arven er kompleks å ta vare på for framtida. Kostnadskrevjande.

Bra at Riksantikvaren er igang med bevaringsstrategi for feltet.

Med beste helsing frå

STIFTELSEN NORSK KULTURARV

Jørn Holme
Styreleiar

Erik Lillebråten
Direktør



THE BEST IN HERITAGE
IN PARTNERSHIP WITH EUROPA NOSTRA

VERN GJENNOM BRUK